



Framlegg budsjett/økonomiplan 2025-2028

Vestland Fylkeskommune

Trygt, grønt og omfordelende



Fylkesbudsjettet for 2025 er avklart: Trygt, grønt og omfordelende

Fleirtalspartia SP, AP, Krf, MDG, SV og V har landa semje om budsjett for Vestland fylkeskommune 2025.

Me har landa eit ansvarleg budsjett, som i stor grad sikrar vidareføring av tenestene med moderat prisauke, grønne satsingar, inflasjonsjusterte driftstilskot på kultur og sterk satsing på vidaregåande opplæring.

Nokre av dei små og større konkrete prioriteringane for å støtta dei tre hovudmåla:

Trygt: Liv og helse først - oppstart av tre store rassikringsprosjekt, aukar og vedlikehaldsfondet på vei med 280 millionar for tryggare kvardagsveier. Vidareføring av kollektivtilbodet. Skulesatsinga – auka fullføring, betra psykisk helse og held lovnadane på investering i gode skulebygg.

Grønt: Auka vedlikehald på fylkesvegane handlar om å ta vare på verdiane me har. Fleire skal reisa kollektivt gjennom vidareførte kollektivtilbod og lågare prisauke på dei mest brukte billettkategoriane. Ladestasjonar for tunge køyretøy.

Omfordelende: Storsatsing på 145 millionar ekstra til inkludering og innanforskap for å sikre moglegheiter til alle. Vidare styrking av tannhelsetilbodet gjev betre helse. Vidareføre støtte til papirlause og støtta til Robin Hood-huset. Eit nytt stort regionalt kulturfond. Næringsretta satsinga sikrar arbeidsplassar og skapar verdiar i heile fylket.

I opplæringssektoren legg me særskilt vekt på auka fullføring, betra psykisk helse og språkopplæring for minoritetsspråklege (ukrainarar).

For å koma gjennom dei økonomiske utfordringane, må fylkeskommunen utsetja ein del store investeringsprosjekt, og aukar derfor vedlikehaldsarbeidet på fylkesveg. Fire store fylkesveginvesteringar vert prioriterte i åra som kjem: Heilevang, Tokagjelet, Poll til Poll og Atløysambandet. Andre må venta til Fylkestinget rullerer Regional Transportplan i juni 2025.

Fylkeskommunen tek imot mange søknader om støtte. I tronge tider er det viktig å styrkja dei mange fellesskapa innan kultur, idrett og frivillig sektor, og det største løftet er auka priskompensasjon til løyvingane innan kultur, idrett og frivillig sektor. I tillegg sikrar me å ta vare på kulturarven gjennom å starta arbeidet med fellesmagasin for Hordaland(Sogn og Fjordane vart sikra i 2024).

Vestlandet er verdiskapingsfylket, og me vil vidareføra ordningane som støttar næringslivet. Vestland set av midlar til ladestasjonar for tunge køyretøy.

Framlegg til vedtak

1. Dokumentet «Budsjett 2025 / økonomiplan 2025-28» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2025-28.
2. Driftsbudsjettet for 2025 vert vedteke i samsvar med arbeidsdokument 4 og med følgjande endringar:
3. Investeringsbudsjettet for 2025 vert vedteke i samsvar med arbeidsdokument 4 og med følgjande endringar:
4. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 538,3 mill. kr.
5. Takstane for kollektivtrafikken vert auka med gjennomsnittleg 4,0 %. Takstane for ferje følgjer autopass-regulativet.
6. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
7. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2025-28. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2026-2029.

Driftsbudsjett

		2025	2026	2027	2028	
02	Fellesutgifter- og inntekter	adok4	-12 082 566	-11 990 432	-12 042 932	-12 250 932
		02.01 Auka utbytte SFE og Valen	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
		02.02 Auka frie inntekter 26-27-28		-41 221	-41 702	-42 002
		02.03 Auka inntekt havbruksfondet	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
		02.04 Generell tilbakeføring til - og bruk av fond	16 246	30 016	-4 704	-4 905
10	Politisk styring og kontrollorgan	adok4	73 316	70 983	73 983	70 983
		10.01 - Meir digitalisering, mindre reising	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
11	Organisasjon og økonomi	adok4	195 243	195 510	195 510	193 510
		11.01 - Organisasjon og økonomi sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
12	IKT og digitalisering	adok4	206 042	206 209	206 209	206 209
		12.01 - Beredskapsøvingar og ROS-analysar	500	500	500	500
		12.02 - Endå lågare utskiftingstakt på personleg IKT-utstyr	-600	-600	-600	-600
		12.03 - IKT og digitalisering sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
13	Eigedom og utbygging	adok4	612 860	612 127	612 127	612 127
		13.01 Opprinnelsesgaranti	1 200	1 200	1 200	1 200
		13.02 - Eigedom og utbygging sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
18	Tannhelse	adok4	422 839	423 106	423 106	423 106
		18.01 - Takstauke avgrensa til prisvekst, ikkje marknadsjustering	1 600	1 600	1 600	1 600
		18.02 - Rekruttering og stabilisering	5 000	0	0	0
		18.03 - Tannhelse sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
20	Næring, plan og innovasjon	adok4	211 769	211 769	211 769	208 269

		20.01 - Ladeinfrastruktur tunge køretøy	5 000	5 000	5 000	5 000
		20.02 - Inkluderingsprosjekt	1 000	1 000	1 000	1 000
		20.03 - Inkluderingsprosjekt i arbeidslivet	1 000	0	0	0
		20.04 - Delvis prisvekst Vilvite og ViteMeir	575	575	575	575
		20.05 - Varmere våtere villere	400	0	0	0
		20.06 - Ny ordning raudt til grønt	5 000	0	0	0
		20.07 - Kutte ordning berekraftig samfunnsutvikling	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
		20.08 - Redusere midler til regionale planer	-1 500	-3 500	-3 500	0
		20.09 - Ladeinfrastruktur tunge køretøy (saldering fond 20.01)	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
		20.10 - Næring, plan og innovasjon sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
30	Opplæring og kompetanse	<i>adok4</i>	4 199 864	4 195 264	4 196 764	4 190 264
		30.01 - Motpost Generelt nedtrekk vgs / sak om heilskapleg tilbodsstruktur	2 200	33 313	49 913	62 513
		30.02 - Særskilt språkopplæring	10 000	10 000	10 000	0
		30.03 - Auke rammene til fagskulen	5 000	5 000	5 000	5 000
		30.04 - Demokratiprojekt	1 000	0	0	0
		30.05 - Inkludering og fullføring	20 000	20 000	20 000	20 000
		30.06 - Nedtrekk sentraladministrasjon	-2 200	-2 200	-2 200	-2 200
		30.07 - Nedtrekk rett til oppflytting 3 grupper	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
		30.08 - Skulepsykologer – fase ut ordninga	-1 250	-2 500	-2 500	-2 500
		30.09 - Nedtrekk, ny tilbodsstruktur (30.1)	0	-27 200	-40 130	-49 300
		30.10 - Inkludering og fullføring (saldering sentralt skulefond og dispfond 30.05)	-2 500	-5 413	-9 083	-12 513
		30.11 - Særskilt språkopplæring (saldering dispfond 30.02)	-10 000	-10 000	-10 000	0
		30.12 - Opplæring og kompetanse sin andel av skjerpa stillingskontroll (administrasjon)	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
40	Kultur og folkehelse	<i>adok4</i>	391 818	389 985	389 985	389 985
		40.01 - Styrke tilskot Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	560	560	560	560
		40.02 - Styrke tilskot Stønad etter vedtak	470	471	472	473
		40.03 - Betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktningane i Vestland	1 900	1 900	1 900	1 900
		40.04 - Planlegging Griegkvartalet	1 000	0	0	0
		40.05 - Planlegging Samlingssentrum / Fellesmagasin	1 000	0	0	0
		40.06 - Støtte til Friluftslivets år 2025	1 000	0	0	0
		40.07 - Prisvekst driftstilskot	9 500	9 500	9 500	9 500
		40.08 - Utvandrarjubileum	500	0	0	0
		40.09 - Auka satsing Robin Hood	400	200	200	200
		40.10 - Regionale kulturbygg	20 000	20 000	0	0
		40.11 - U23 EM i friidrett	0	800	0	0
		40.12 - Kutte ordning berekraftig samfunnsutvikling	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
		40.13 - Regionale kulturbygg (saldering fond 40.10)	-20 000	-20 000	0	0
		40.14 - Planlegging Griegkvartalet (saldering fond 40.04)	-1 000	0	0	0
		40.15 - Planlegging Samlingssentrum / Fellesmagasin (saldering fond 40.05)	-1 000	0	0	0
		40.16 - Støtte til Friluftslivets år 2025 (saldering fond 40.06)	-1 000	0	0	0
		40.17 - Kultur og folkehelse sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500

50	Mobilitet og kollektivtransport	adok4	3 872 617	3 929 617	3 977 617	4 200 617
		50.01 - Vidareføre studentrabatt enkeltbillett	15 000	15 000	15 000	15 000
		50.02 - Rabatt for verneplikt lik som studentrabatt, enkeltbillett og periodekort	2 000	2 000	2 000	2 000
		50.03 - Reiserabatt, maks tak 30% rabatt	12 000	12 000	12 000	12 000
		50.04 - Turistrute - buss	2 000	0	0	0
		50.05 - Turistrute Hardanger - båt	2 000	1 000	0	0
		50.06 - Flybuss Sogndal og Førde	0	0	0	0
		50.07 - Kansellere tiltak ekstraordinær auke periodebillett	16 000	16 000	16 000	16 000
		50.08 - Sonestruktur og varigheit enkeltbillett reduserast frå 90 min til 60 min	10 000	10 000	50 000	50 000
		50.09, - Prisauke 3% på 24t + 7d billett	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
		50.10 - Saldering fond for heile 2025 i påvente av auka inntekter frå Miljøløftet til drift av kollektivtilbodet	-55 000	0	0	0
		50.11 - Auka passasjergrunnlag	0	-10 000	-13 000	-16 000
		50.12 - Mobilitet og kollektivtransport sin andel av skjerpa stillingskontroll	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
60	Infrastruktur og veg	adok4	1 896 197	1 755 861	1 755 861	1 755 861
		60.01 - Vedlikeholdspakke	0	140 000	140 000	0
		60.02 - Innovativ skredsikring, overføre frå tunnelsikring	0	0	100 000	0
		60.03 - Naturrestaurering	10 000	0	0	0
		60.04 - Dekkelegging	20 000	0	0	0
		60.05 - Innovativ skredsikring, overføre frå tunnelsikring (60.02)	0	0	-100 000	0
		60.06 - Vedlikeholdspakke (saldering fond 60.01)	0	-140 000	-140 000	0
		60.07 - Dekkelegging (saldering fond 60.04)	-20 000	0	0	0
		60.08 - Naturrestaurering (saldering fond 60.03)	-10 000	0	0	0
		60.09 - Infrastruktur og veg sin andel av skjerpa stillingskontroll	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
			0	0	0	0

Nettobudsjett pr avdeling

		2025	2026	2027	2028
02	Fellesutgifter- og inntekter	-12 096 320	-12 031 637	-12 119 338	-12 327 839
10	Politisk styring og kontrollorgan	72 316	69 983	72 983	69 983
11	Organisasjon og økonomi	193 743	194 010	194 010	192 010
12	IKT og digitalisering	204 442	204 609	204 609	204 609
13	Eigedom og utbygging	612 560	611 827	611 827	611 827
18	Tannhelse	428 439	423 706	423 706	423 706
20	Næring, plan og innovasjon	211 744	203 344	203 344	203 344
30	Opplæring og kompetanse	4 211 114	4 205 264	4 206 764	4 200 264
40	Kultur og folkehelse	400 648	398 916	398 117	398 118
50	Mobilitet og kollektivtransport	3 870 117	3 969 117	4 053 117	4 273 117
60	Infrastruktur og veg	1 891 197	1 750 861	1 750 861	1 750 861

02 Fellesutgifter- og inntekter

Fylkestinget legg til grunn eit noko høgare utbyte frå Valen kraftverk og SFE enn fylkesdirektør. Det same gjeld havbruksinntektene. Fylkestinget justerer vekst i frie inntekter med erfaringstal. Grunnen til at linje 02.04 viser tilbakeføring til fond i 2025 og 2026 er fordi tiltaka i avdelingane som salderast frå fond i størst mogleg grad skal synleggjerast, men totalen er litt mindre fondsbruk enn summen av dei einskilde tiltaka.

10 Politisk styring og kontrollorgan

10.01 - Meir digitalisering, mindre reising

Reiser skal reduserast til det nødvendige, og møter/kurs som medfører flyreiser, hotell, utanlandsopphald skal vera nøye vurdert(dette hindrar ikkje naturlege arbeidsreiser i vår desentraliserte organisasjon). Det vert oppfordra til å laga best mogleg arrangement lokalt. Fylkesutvalet held fleire møte digitalt, og elles i Bergen og Leikanger. Hovudutvala held fysiske møte rundt om i fylket, men held fleire digitalt. Bruk av digitale verktøy skal bidra i effektivisering av drifta, jfr nedtrekk post 10.

11 Organisasjon og økonomi

11.01 - Skjerpa stillingskontroll

Temaet skjerpa stillingskontroll går igjen i alle avdelingar, men vert berre omtalt her.

Vestland fylkeskommune vart raskt ein sterk og attraktiv organisasjon som tydeleg definerte rolla vår som regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen har også tatt på seg nye oppgåver innan td tannhelse, og har styrkt oss på mange område. Organisasjonen har også styrkt den lønsmessige konkurransekrafta, og framstår i dag som attraktiv å arbeida i, og det skal den vera som ein sterk regional utviklingsaktør for Vestlandet.

Fylkeskommunen skal ha dei dyktigaste tilsette, og tilby ryddige arbeidsvilkår til rett løn. Fylkesdirektøren har i ein periode praktisert stillingskontroll. Denne vert no skjerpa, og skal for organisasjonen samla fungera som stillingsstopp innan desse føresetnadene: Fylkestinget har tillit til at Fylkesdirektør utarbeider ei skjerpa stillingskontroll med tilhøyrande oppgåvegjennomgang, der tal stillingar vert redusert utan oppseiingar, men med større intern omplassering, og fokuset vert på administrative funksjonar. Fylkestinget har tillit til at tiltaket ikkje medfører utilsikta verknader på tenesteproduksjonen, og det skal td ikkje gå ut over td undervising, tannklinikkenester, reinhald. Fylkesutvalet held ein fast dialog med fylkesdirektør om korleis vidareutvikla ein sterk, framoverlent organisasjon som løyser oppgåvene rimelegast mogleg, og viser veg i beste praksis i offentleg sektor.

Fylkesdirektøren får fullmakt til å justere omfanget av stillingskontroll mellom avdelingar avhengig av kor det viser seg eigna gjennom året. Effekten av stillingskontroll er mellom anna avhengig av til ein kvar tid naturleg avgang, og fylkesdirektør må difor tilpasse effekten mellom dei ulike avdelingane. Difor er dei skisserte innsparingane i talbudsjettet berre retningsgivande i tråd med lovkrav til budsjett.

12 IKT og digitalisering

12.01 - Beredskapsøvingar og ROS-analysar

Førebyggjande sikkerheitsarbeid innan desse fagområda krev at fagressursane er ute i organisasjonen og informerer for å få til ei haldningsskapande endring, jf. forvaltningsrevisjonane.

13 Eigedom og utbygging

13.01 Opprinnelsesgaranti

Det bli sett av midlar på driftsbudsjettet til å kjøpe opprinnelsesgaranti for straumbruken i fylkeskommunen. Det er ein del av scope 2 som skal rapporterast på i tråd med GHG-protokollen.

18 Tannhelse

Vestland fylkesting ber administrasjonen jobbe vidare mot staten for å sikre finansiering til nye samlokaliserte arealer for tannhelsetenesta sitt kompetansesenter på Årstadvollen.

18.01 - Takstauke avgrensa til prisvekst, ikkje marknadsjustering

Vestland fylkeskommune er oppteken av at vi har eit godt tannhelsetilbod til ei rimeleg pris. Difor aukast ikkje prisen så mykje på tannbehandling slik fylkesdirektør først foreslo. Prisauken held seg til prisveksten i samfunnet. Slik bidreg vi med gode, rimelege og tilgjengelege tannhelsetenester.

18.02 - Rekruttering og stabilisering

Fylkestinget set av 5 millionar til å fortsette arbeidet med å stabilisere tannhelsepersonell og rekruttere fleire medarbeidar. Midlane kan også nyttas til kurs og kompetanseutvikling.

20 Næring, plan og innovasjon

Visar til sak i Fylkestinget PS 106/24 om tidlegfasefond. Fylkestinget ber om at eventuelt innskot i eit nytt tidlegfasefond vert avgjort i sak i fylkesutvalet snarast råd. Fylkesutvalet får fullmakt i saka.

Biokol kan ha ei viktig rolle i å redusere klimagassutsleppa. Fleire fylker deltek i eit konsept via Regionalt miljøprogram i landbruket, samarbeid med private bedrifter og bønder i eit spleiselag. I praksis sponsar bedriftene for at bøndene skal spreia biokol på jorda, og som takk for betalinga kan dei føra klimakutta biokolet fører til inn i sine klimarekneskap. Dette er praktisk og jordnær klima og miljøpolitikk. Fylkestinget bed fylkesdirektør undersøkje korleis Vestland også kan delta her, og komme tilbake til hovedutval for Næring med eiga sak.

20.01 - Ladeinfrastruktur tunge køyretøy

Vestland fylkeskommune byggjer ut ladeinfrastruktur for tunge køyretøy. Fylkestinget investerer kr 5 mill årleg i eit tilskotsordning for å byggja ut ladeinfrastruktur for tunge køyretøy i fylket.

20.02 - Inkluderingsprosjekt

Inkluderingsprosjektet er ein del av den store satsinga mot utanforskap i budsjettet. Pengane går til å utvikle ei strategisk satsing for å styrke inkludering/reduere utanforskap i arbeidslivet.

20.03 - Inkluderingsprosjekt i arbeidslivet

Inkluderingsprosjektet er ein del av den store satsinga mot utanforskap i budsjettet. Pengane går til å utvikle ei strategisk satsing for å styrke inkludering/reduere utanforskap i arbeidslivet.

20.04 - Delvis prisvekst Vilvite og ViteMeir

Vitensentra i Bergen og Sogndal er viktige for å fremje naturvitskap hjå unge, og difor aukar vi tilskotet. Summen fordelast høvesvis.

20.05 - Varmere våtere villere

Fylkeskommunen støtter gjennomføringa av klimafestivalen Varmere, våtere, villere.

20.06 - Ny ordning raudt til grønt

Fylkestinget set av 5 mill for å auka kunnskapen om påverknad på villaks og aure i PO3 og PO4. Prosjektet skal ha som målsetjing at Vestland kjem i grøn sone i trafikkjossystemet, og gjennomførast i samarbeid med forskningsmiljø og næringa. Hovudutval for næring arbeidar vidare med innretning.

30 Opplæring og kompetanse

Vestland skal vere ein attraktiv region for ungdom, og gjennom sak om Tilbodsstruktur vi har hatt i haust, har det blitt lagt eit grunnlag for variert utdanningstilbod med god kvalitet, over heile Vestland og som er tilpassa framtidig elevtal. Her er med dette innsparringar vi tek med oss i budsjettarbeidet.

Fylkestinget ber fylkesdirektør prioritere utgreiingsressursar til verbalpunkt og notar i budsjettet for 2023 og 2024 innan opplæringssektoren, og ber om at fylkesdirektør svarar på desse slik at det dannar grunnlag for arbeid i budsjett for 2026 og vidare. Særleg ordlyden frå budsjettvedtak i 2024: «Det er behov for ein gjennomgang av korleis vi løyser oppgåver og nivå/omfang av desse, for å sikre at opplæringssektoren fornyar og forbetrar seg i tråd med vår eigen temaplan og sentrale føringar. I kunnskapsgrunnlaget skal ein sjå på nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene. Det skal også gjennomførast ei konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparring. Det er viktig at hovudutvalet er tett kopla på slik at justering av omfang og nivå er godt politisk forankra.»

30.01 - Motpost Generelt nedtrekk vgs / sak om heilskapleg tilbodsstruktur

I rammeoversikta i arbeidsdokument 4 ligg det ein samlepost med tittel “Generelt nedtrekk vgs/sak om heilskapleg tilbodsstruktur”. Dette tiltaket er ein motpost for å nulle ut samleposten, gjeldande innsparringstiltak er spesifisert i eigne tiltak.

30.02 - Særskilt språkopplæring

Situasjonen med krigen i Ukraina, har gjort at vi har fått fleire med utilstrekkelege språkkunnskarar. Dette har også vore spela inn som eit viktig innsatsområde frå administrasjonen si side. Vi har derfor sett av 30 millionar over 3 år for å møte dette. Målet er å styrke denne gruppa sitt høve til å få utdanning av god kvalitet, og seinare deltaking i arbeidslivet.

30.03 - Auke rammene til fagskulen

Fagskulen er viktig for å utdanna kompetent arbeidskraft i det verdiskapande og Grøn region Vestland framover. Det fylkeskommunale tilskotet til fagskulen Vestland skal ikkje fasast ut, men

skal tilpassast dei økonomiske rammene til fylkeskommunen og sikre at fagskulen har tilstrekkelege ressursar til å vidareutvikle studietilboda og kunne tilby nye studieretningar. Fylkestinget ber om ei sak som ser på dei overordna måla og strategiane til Fagskulen i Vestland, og saka leggjast fram for fylkestinget før sommaren 2025. Vidare ber fylkestinget styret for Fagskulen sjå på auka inntekspotensiale gjennom brukarbetaling frå skuleåret 2025-2026.

30.04 - Demokratiprojekt

Det er ynskeleg at fleire ungdommar stemmer ved fylkestingsval, og folkevalde på fylkestinget har teke initiativ for å for å auke valdeltakinga. Vi ynskjer å bevare og styrke demokratiet, og det er difor sett av ein million til dette prosjektet.

30.05 - Inkludering og fullføring

Fylkestinget tek på alvor at tendensen framover er at fleire ungdommar treng tilrettelegging og ekstra innsats for å fullføre vidaregåande. Derfor legg vi inn ekstra 20 millionar kroner til ekstra stimuleringstiltak pr år i perioden 2025-28, for å styrke denne innsatsen. Vi står også framfor fullføringsreformen, som vil tilrettelegge for at fleire kjem i utdanning og etterkvart i arbeid. Dette er positivt, men vil også krevje ekstra ressursar. Derfor er ei slik satsing på fullføring med 80 millionar over 4 år svært viktig å få sett i gang med. Hovudutval for opplæring og kompetanse får ansvaret med å administrere dei.

40 Kultur og folkehelse

Kulturlivet, idretten og frivilligheita sikrar gode opplevingar for store og små, og byggjer samfunnet. Dyrtida har råka kulturlivet, idretten og frivilligheita hardt. For Vestland fylkeskommune er det då viktig å sikre kulturaktørane tryggleik for drifta i tida som kjem, framfor nye store satsingar. Difor er hovudprioriteringa vår å styrkja tilskotsmottakarane som får tilskot frå budsjettvedtak med 9 millionar kronar for å sikra at dei får tilskot i tråd med løns- og prisveksten.

40.01 - Styrke tilskot Kulturelt utviklingsprogram (KUP)

Fylkestinget ønskjer å opprette eit slagkraftig regionalt kulturfond på 15 millioner ved å slå saman Kulturelt utviklingsprogram med staten si nye satsing på regionale kulturfond. Dette skal vere spydspissen av tilskotsordningar for kulturlivet i Vestland fylkeskommune, og bidra til å styrkja eksisterande og nye kulturføremål. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får i oppgåve å opprette ordninga.

40.02 - Styrke tilskot Stønad etter vedtak

Stønad etter vedtak er ein viktig tilskotsordning for frivillige og profesjonelle aktørar i Vestland. Vi aukar ramma fra fylkesdirektør noko for å gje eit noko større handlingsrom.

40.03 - Betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktingane i Vestland

Fylkestinget vidarefører 1,5 millionar til transport og opplæring i tråd med tidlegare vedtak, samt 400 000 til å vidareføre naudsynt tannhelsehjelp for papirlause. Fylkestinget viser elles til sak om Papirlause som vert vedteken i fylkestinget PS 154/24.

40.04 - Planlegging Griegkvartalet

Griegkvartalet er ei viktig kulturpolitisk satsing i samarbeid med stat og kommune, og Vestland fylkeskommune ønskjer å bidra til planlegging av prosjektet.

40.05 - Planlegging Samlingsssentrum / Fellesmagasin

Fylkeskommunen har lenge arbeidd for fellesmagasin for å sikra kulturarven i Hordaland. Musea i tidlegare Hordaland har stort behov for eit nytt fellesmagasin for å avlaste og sikra forvaltning av museale gjenstandar. Situasjonen er prekær, og vi står i fare for å tapa uerstattelige objekt. Fylkestinget ber fylkesdirektør intensivere arbeidet med å byggja eit nytt fellesmagasin. Den fylkeskommunale tomten på Haukås vert mellom lokalitetane som vurderast.

40.06 - Støtte til Friluftslivets år 2025

Friluftslivet sitt år 2025 er eit viktig år for å løfte friluftslivet og gjere ein ekstra innsats for å få fleire med i friluftslivet. Vestland fylkeskommune sett av 1 million kroner til arbeid med å få fleire med i friluftslivet. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får i oppgåve å fordele midlane.

40.07 - Prisvekst driftstilskot

Hovudprioriteringa vår å styrkja tilskotsmottakarane som får tilskot frå budsjettvedtak med 9,5 millionar kroner for å sikra at dei får tilskot i tråd med løns- og prisveksten. Det er satt av noko meir midlar for å gje hovudutvalet handlingsrom til å løfte andre viktige tiltak på budsjettet.

40.08 - Utvandrarjubileum

Fylkeskommunen støtter gjennomføringa av Utvandrarjubileet i Vestland.

40.09 - Auka satsing Robin Hood

Robin Hood huset gjer ein svært viktig jobb med å begrense effektane av fattigdom og utanforskap, og som eit viktig møtested for økonomisk vanskelegstilte og nettverkssøkande i Bergen og omeng. Vestland fylkeskommune vil støtte Robin Hood huset og styrker derfor med 200 000 kr i åra framover for å unngå kutt for eit tilbod som dessverre har vist seg å vere meir naudsynt enn på lenge. I tillegg løyver Fylkestinget 200 000 ekstra for 2025 som ei 20-års jubileumsgåve.

40.10 - Regionale kulturbygg

Vestland fylkeskommune sett av 20 millionar kroner i 2025 og 2026 til regionale kulturbygg. Regionale kulturbygg er viktig som del av den kulturelle infrastrukturen i Vestland, og løftar små og store lokalsamfunn i heile fylket vårt.

40.11 - U23 EM i friidrett

Fylkeskommunen støtter gjennomføringa av U23 EM i Friidrett.

50 Mobilitet og kollektivtransport

Fylkestinget vidarefører kollektivsatsingane, slik at fleire vil reisa kollektivt. Me premierer fast reisande, og tek vekk den foreslåtte ekstraordinære takstauken på 30-dagarskort, slik at den vert 4%.

Fylkestinget ønskjer å betra kollektivtilbodet i distrikta ved å be fylkesdirektør utarbeida framlegg (politisk sak) til korleis rutetilbodet kan styrkjast, med særleg vekt på å sikra gode korrespondansar buss/ferje/båt.

Fylkestinget ber fylkesdirektør om å gå i dialog med dei private kollektivselskapa med mål om å få til eit betre og meir samanhengande kollektivtilbod samla sett.

Spesielt om byvekstområdet

Dei mange tiltaka i Miljøløftet og særleg bybaneutbygginga, har gitt ein ønskt, stor auke i tal kollektivreisande i byvekstområdet. Fylkeskommunen bidreg med ca 0,5 MRD i eigne midlar til drift av kollektiv i byvekstområdet, likevel er dei økonomiske rammene for å følgja opp etterspørselen for tronge i forhold til behovet. Vestland fylke meiner dei statlege løyvinga til drift av kollektiv i byvekstområda må aukast. Andre byvekstområde bidreg med post-66 midlar i byvekstavtalen til kollektivproduksjon. Vestland fylkeskommune er i ein svært krevande situasjon med høg pris- og kostnadsauking på kollektivtransporten. Denne kostnadsauken vil truleg fortsette i framtida. For fylkestinget er utsleppsreduksjon og nullvekst i transport viktige mål, og kostnadsauken vil utfordre desse måla. Fylkestinget vil, for å sikre eit attraktivt kollektivtilbod, ikkje gjennomføre ekstraordinær prisauke på periodekort eller kutte i andre rabattar.

Fylkestinget meiner at deler av desse tiltaka bør kunne finansierast med post 66-midlar i byvekstavtalen. Vestland fylkeskommune viser til Sak 49/24 i Miljøløftet «Bruk av post 66-midlar (Regjeringas bompengavtale) – tilskot til betre kollektivtilbod». Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 126 mill. kr. for 2024 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod, tilsvarande ca kr 130 mill kroner i 2025. Av midlane på 126 mill i 2024 vart 74 mill sett av til nedbetaling av bompengegjeld.

Som følgje av at Bybanens byggetrinn 5 til Åsane BT5 er utsett og ikkje har statleg finansiering, vart det foreslått å nytte 74 millionar til å nedbetale bompengelån. Fylkeskommunen ønskjer å styrkja kollektivtilbodet i byvekstområdet og i staden nytte dei midlane som er tilgjengeleg som tilskot til betre kollektivtrafikk og ikkje nedbetalinga av bompengelån. Dette spørsmålet er reist i styringsgruppa for Miljøløftet, og fylkestinget vil arbeida for denne løysinga.

Fylkestinget ønskjer å koma bystyret i Bergen i møte ved å bruka dei 74 millionane og kommande statlege midlar frå bompengeforliket til å styrkja kollektivtilbodet i staden for å betala ned bompengelånet for BT4.

Bystyret seier som kjent frå seg auka bompengar i bompengeringen i Bergen, noko som medfører at ein del prosjekt i Bypakke Bergen ikkje blir realiserte.

Bergen kommune ønskjer at post 66-midlar også skal nyttast til tunellutgreiinga. Vestland fylke kan berre støtta dette under føresetnad av at det vert sett av midlar til auka kollektivkapasitet i 2025.

Fylkestinget inviterer derfor Bergen kommune og kommunane i Miljøløftet til samtalar om å få til den nødvendige auken i kollektivproduksjon. Fylkestinget ønskjer ikkje å påføra dei faste reisande for stor prisauke på periodekorta. Dermed må auke i tilbodet finansierast på annan måte, og me merkar oss at Bystyret i Bergen ber oss om å halda billettprisane nede. Fylkestinget innfører ikkje reklame på kollektiv.

Fylkestinget meiner at partane i Miljøløftet bør finne ei einigheit om bruk av post 66-midlane i 2025. Slik får vi eit føreseieleg tilbod i framtida, og unngår høg prisvekst i 2026 og vidare.

Buss og bane

Fylkestinget ber Skyss gjera det lettare å velja ulike betalingsordningar for periodekort, og ber Skyss om å tilby ulike betalingsordningar som reduserer transaksjonskostnader og forenkler administrasjonen.

For å gjera det å vera fast kollektivreisande enklast råd, ber fylkestinget Skyss om å utgreia eit "kollektivabonnement" som produkt, som brukar automatisk trekk av betalingskort (slik som ved strøymetenester).

Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie mogleg kollektivtilbod på nattestid mellom Bergen Busstasjon og Bergen Lufthavn Flesland. Bergen Lufthavn åleine er ein stor arbeidsplass med 4000 arbeidstakarar, og fleire av dei arbeidar på natt grunna arbeid knytt til første og siste flyavgang. Det er og andre arbeidsplassar i området med nattskift. I utgreiingsarbeidet blir lokale verksemder/arbeidstakarorganisasjonar inkludert.

Snik skal reduserast. Fylkestinget ber Skyss auka innsatsen mot sniking på kollektiv, då dette undergrev legitimiteten til betalingsviljen og dermed heile kollektivtilbodet.

Fylkestinget ber fylkesdirektør ta opp att arbeidet med å sjå kollektivtilbodet og reiselivet i samanheng (t.d. «Travel like the locals), for å både betre mobiliteten til turistar og auke inntektene til Skyss. Fylkestinget viser til veksten i reiselivet i Vestland, og ber fylkesdirektør gå i kontakt med næringa for å finne løysingar som sikrar god besøksforvaltning, god kollektivpolitikk og auka billettinntekter.

Båt og ferje

Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med staten for å få kompensert for kostnadsauke og der gratisferjer medfører auka ruteproduksjon. Når pris- og kostnadsauke gjer det naudsynt å auke ferjetakstane med ei eller fleire sone, så får ikkje fylkeskommunen kompensert den nye auka kostnaden.

Fylkestinget er positiv til at gratisferjer reduserer kostnadsulempar for innbyggjarane i lokalsamfunn i distrikta. Men, me registerer at gratis ferjer har medført auka biltrafikk, og ferjekøar, som ofte skriv seg frå reisande som ikkje er fastbuande der ferja går. Fylkestinget ber Regjeringa greia ut om høve til å reise gratis kan bli knytt til folkeregistrert adresse gjennom autopassavtalane for ferje. På denne måten vil turistar og besøkjande betale full pris.

Godsruta Gulen, Solund mv: Godsruta er ikkje ein del av primær oppgåvene til fylkeskommunen, men er viktig for næringslivet og lokalsamfunna dei trafikkerer. Ruta vert vidareført ut kontraktsperioden. Eventuell vidareføring etter dette må overlatast til andre.

Fylkestinget understrekar forventninga om ei oppfølging og ferdiggjering av ei sak om heilskapleg ferje- og hurtigbåtenester i Vestland fylkeskommune

50.01 - Vidareføre studentrabatt enkeltbillett

Fylkestinget vidarefører studentrabatt på enkeltbillett.

50.02 - Rabatt for verneplikt lik som studentrabatt, enkeltbillett og periodekort

Vernepliktsrabatt blir sett til same innretting som studentrabatt, både for enkeltbillett og periodekort.

50.03 - Reiserabatt, maks tak 30% rabatt

Fylkestinget vidarefører reiserabatten men maksrabatten vert sett ned frå 40 til 30% med uendra rabattstige. Dette gir framleis høgare rabatt enn i Oslo.

50.04 - Turistrute – buss

Fylkestinget ber Skyss innføra eige takstopplegg for ruta tilpassa betalingsevna i turistnæringa. Fylkestinget ber Fylkesdirektør gå i dialog med reiselivsnæringa om å overta ruteproduksjonen som gjeld turisme.

50.05 - Turistrute Hardanger - båt

Vestland har ein betydeleg vekst i turismen. Det må difor vera eit mål at ruter som er reine «turistruter» vert utvikla og drivne kommersielt. Fylkesdirektør vert beden om å ha dialog med involverte partar om korleis dette kan skje på ein føreseieleg og god måte. Turistruta vert vidareført, og billettakstar for turistar vert heva til same nivå som for turistrute Sogn. Me ber likevel Skyss vurdere billettordningar som sikrar at ruta kan vera eit kollektivtilbod til lokale innbyggjarar.

50.06 - Flybuss Sogndal og Førde

Desse vert vidareført, men får auka takstar slik at dei vert sjølvfinansierande (ca kr 60 i auke, - pr vaksenbillett)

50.07 - Kansellere tiltak ekstraordinær auke periodebillett

Fylkestinget vidarefører kollektivsatsingane og tek vekk den foreslåtte ekstraordinære takstauken på 30-dagarskort, slik at den vert 4%.

50.08 - Sonestruktur og varigheit enkeltbillett reduserast frå 90m til 60m

Fylkestinget endrar ikkje Sone A no, men arbeidar vidare i 2025 for å sjå på moglege endringar i Sone A frå 2026. Endringane skal drøftast mellom partane i Miljøløftet. Føresetnaden er at endring tek omsyn til nullvekstmålet, byvekstavtaleområdet og dei store befolkningstette områda rundt Bergen kommune.

Fylkestinget ber fylkesdirektør i arbeidet med endra sonestruktur også arbeida ut ny app-løysing, som kombinerer reiseplanleggar og billettkjøp, med funksjonar som td Ruter har. Målet er at ny app vert innført i samband med endring av Sone A.

Fylkestinget endrar billettvarigheit frå 90 til 60 minutt, og deretter 30 min pr ekstra sone, slik dei andre kollektivselskapa gjer.

60 Infrastruktur og veg

Fylkestinget syner til budsjettmerknad i PS 116/23 om planlegging, framdrift og finansiering av skredsikring. Ein bed om at arbeidet vert intensivert og at Fylkesdirektør ser på moglegheita

med å samkøyra reguleringsplanarbeid og prosjektering slik det vert gjort på utbygging av bybanen.

Fylkestinget har ei klar forventning om at Vestland fylkeskommune og Kontaktutvalet som er oppretta for prosjekta på Fv 49, Tokagjelet og «Poll til Poll», som ein del av E 134 arm til Bergen, også arbeider for samfinansiering av desse prosjekta. Låneopptak for fylkeskommunen sitt bidrag til desse prosjekta skal finansierast av øyremerka skredsikringsmidlar avsett på bundefond.

Fylkestinget er urolege for at samfunnet ikkje er i stand til å forebyggja naturøydeleggingar som følge av ekstremvær. Me meiner også at det må gjerast nye vurderingar av førebyggjande tiltak, då ekstremvær treff tilfeldig, slik vi opplevde med Edna bru i Ullensvang.

Vestland fylkeskommune hadde skader for nærare 200 millionar etter uveret Jacob, men fekk likevel ikkje kompensasjon frå staten for dette. Samstundes krev staten at fylkeskommunane skal auka satsingane utan at fylket vert sett økonomisk stand til å betra arbeidet samla sett.

Fylkestinget ber derfor fylkesordførar om å gå i dialog med staten om korleis staten vil auka rammene for førebyggjing av skred og flaum, der nye og rimeleg løysingar kan vera ein del av arbeidet.

I tråd med Regional transportplan så bør ein innafor byvekstområdet halde fram arbeidet med å ferdigstille planar slik at statlege midlar til sykkelinfrastruktur vert nytta til forbetringar på sykkelvegnettet, og ein bør sikre at ein føl opp ambisjonen frå RTP og strategi for mjuke trafikantar om å starte opp to større gang- og sykkelprosjekt utanom byvekstområdet årleg.

60.01 - Vedlikehaldspakke

Fylkestinget viser til at den politiske prioriteringa av eit Vedlikehaldsfond over fleire år har gitt eit monaleg løft knytt til kritisk nødvendig utbetring av fylkesvegnettet. I tråd med vedteken drifts og vedlikehaldsstrategi utvidar fylkestinget difor virketida for fondet med 140 millionar pr. år i to nye år, 2026 og 2027. Trygge skuleveggar skal vera del av pakken, som fylkesdirektør og Hovudutval for samferdsle og mobilitet utarbeider endeleg vilkår for.

Fondet skal også kunna nyttast i kombinasjon med mindre investeringsprosjekt, der 30 millionar vert øyremerka samfinansieringstiltak.

60.02 - Innovativ skredsikring, overføre frå tunnelsikring

Fylkestinget sitt mål er trygge og tenlege kvardagsveggar. Det er viktig å få mest mogeleg tryggleik att for pengane ein løyver. Fylkestinget bed difor Fylkesdirektør leggje fram sak med vurdering av omfordeling av heile eller deler av uprioriterte midlar til tunelloppgradering kan nyttast til innovativ skredsikring. Fylkestinget delegerar til fagutvalet å fatte endeleg vedtak.

60.03 - Naturrestauring

Restauring av natur er ein del av forplikingane i Montrealavtalen. Fylkestinget set av 10 millionar til å setje i gang tiltak i samband med prosjekt som ikkje har anna finansiering av restauring. I framtidige infrastrukturprosjekt der det er relevant skal restauring bakast inn i heilskapen i prosjekta. Fylkeskommunen skal framleis søke statlege midlar og påverke staten til å styrke finansiering av naturrestauring.

60.04 - Dekkelegging

Det blir sett av 20 millionar til auka dekkelegging i 2025

Investering

Fylkestinget prioriterer fire store fylkesveginvesteringar i perioden: Heilevang, Tokagjelet, Poll-til-Poll og Atløysambandet. Andre investeringsprosjekt avklarast på vanleg måte i Regional transportplan i juni 2025.

Rassikring av Heilevang har no fått endeleg avklaring, og oppstart skjer som vedteke.

Etter sak i haust om tilbudsstruktur er investeringsprogrammet på skule følgande: prosjekt som skal gjennomførast; Dale vgs, Eid vgs, Firda vgs(aula), Kvam vgs, Langhaugen vgs, Mo og Øyrane jordbruksskule, Måløy vgs, Slåtthaug vgs, Sogndal vgs(rehab symjehall) og Stord vgs.

På utviklingssida har vi prosjekt på Austrheim vgs, Fusa vgs, Laksevåg og Bergen Maritime vgs, Os vgs og Sogn jord og hagebruksskule samt Årstad vgs. Ein skal også vurdere utviding av Fyllingsdalen vgs.

Tabellen viser tillegg til framlegget i arbeidsdokument 4.

Vegprosjekt	2025	2026	2027	2028	Total
Atløy	5 000	50 000	450 000	450 000	955 000
Storelva bru			5 000	5 000	10 000
Skredsikring					
Tokagjelet	50 000	150 000	200 000	200 000	600 000
Poll-til-Poll		40 000	70 000	170 000	280 000
Kultur og Regional utvikling					
Gulatinget			29 000		29 000
Opplæring					
Utstyr	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000

Atløy

Den tronge fylkesøkonomien set grenser for investeringane framover. Ferjeavløysingsprosjektet Atløysambandet skal likevel gjennomførast i tråd med rammene som ligg føre.

Ferjeavløysingsprosjektet til Atløy vert tilført 5 millionar ekstra til planleggingsarbeid / vurdering av kostnadsreducerande tiltak, med sikte på oppstart av anlegget i 2026.

Det er vidare ein føresetnad at fylkestinget i oppstartsvedtaket har høve til å vurdere saka på nytt dersom utbyggingskostnadane vert vesentleg høgere enn det som ligg til grunn i saka. Vi meiner tilknytingsveggar og bru bør lysast ut i ein heilskap, slik at ein har betre kontroll med kostnadane.

Dersom det ikkje er nok planleggingskapasitet hos fylkeskommunen, ber vi om at fylkesdirektøren kjem attende med ei sak.

Det må arbeidast vidare mot staten for at rentekompensasjonsordninga vert utvida utover 01.06.2027, og at ferjeavløysingsordninga totalt sett vert betre.

Storelva bru

Fylkestinget set av planmidlar til Storelva bru i økonomiplanperioden.

Tokagjelet og Poll-til-Poll

Rassikring av FV i Tokagjelet og deretter mellom Nordre- og Austrepollen er dei høgast prioriterte rassikringsprosjekta, og fylkedirektør skal setja i gang arbeidet med Tokagjelet utan opphald i 2025. Tokagjelet er eit stort prosjekt, og det vert arbeidd med samfinansiering i dialog med staten og kommunane. Låneopptak for fylkeskommunen sitt bidrag til desse prosjekta skal finansierast av øyremerkte skredsikringsmidlar avsett på bundefond.

Gulatinget

Gulatinget er eit lenge planlagt prosjekt, og det vert arbeidd vidare med planane om å etablera eit besøks- og kunnskapssenter på Gulatinget.

Utstyr

Fylkestinget styrkjer yrkesfaga ved å auke investeringsramma med kr 20 millionar kvart år i denne økonomiplanperioden til større utstyr på yrkesfag.